



## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune	4/2011	03.01.2011

### Høringsfråsegn - Statnetts søknad om dispensasjon frå konsesjonsvilkåra for bruk av reservekraftverka på Nyhamna og Tjeldbergodden

#### Bakgrunn

I nytteberekningar av reservekraft som tiltak på Nyhamna og Tjeldbergodden, legg Statnett til grunn i sin konsesjonssøknad

- eit behov for reservekraftproduksjon i eitt av 20 år
- ein maksimal produksjonskapasitet på 150 MW
- ein maksimal driftsperiode i eventuelle år reservekraftverket vert sett i drift på 5 månader
- ved 5 månaders drift gjev Statnett opp utsleppa til å vere på 367.000 tonn CO<sub>2</sub> og 307 tonn NO<sub>x</sub>

Statnett ber no om dispensasjon iht. til energilovforskriftas §9-4 frå vilkåret i anleggs-konsesjonane for reservekraftverka på Nyhamna og Tjeldbergodden, om at de berre kan brukast i tilfelle SAKS (svært anstrengt kraftsituasjon), iht. følgjande:

1. Dispensasjonen gjeld dersom det oppstår ein vanskeleg driftssituasjon i Midt-Noreg og systemansvarleg vurderer at bruk av reservekraftverka er naudsynt for å handtere situasjonen.
2. Dispensasjonen gjeld reservekraftverka på Nyhamna og Tjeldbergodden
3. Systemansvarleg kan bestemme om og når reservekraftverka skal setjast i drift, jfr. forskrift om systemansvaret i kraftsystemet § 12, fjerde og femte ledd.
4. Dispensasjonen gjeld for veke 1 til veke 20 kvart år fram til linja Ørskog – Fardal vert sett i drift og fell då bort utan nærare varsel

Statnett kan fatte vedtak om idriftssetting av reservekraftverka som siste verkemiddel i vanskelege driftssituasjonar etter forskrift om systemansvaret i kraftsystemet § 12 fjerde ledd,

kor all anna tilgjengeleg reguleryting er forsøkt rekvirert, og kor einaste alternative tiltak vil vere utkopling av forbruk. Statnett skal uansett ikkje starte meir kapasitet enn kva situasjonen krev, og utsleppa skal avgrensast så langt som muleg.

Statnett søker no om utvida utsleppsløyve og at anlegget på Nyhamna skal kunne setjast i drift i løpet av ca. 4 timar og at anlegget på Tjeldbergodden skal kunne setjast i drift innan ca. 72 timar.

***Med denne bakgrunn har Olje- og energidepartementet (seinare kalla OED) ved kongelig resolusjon av 17. desember då. gjeve Statnett dispensasjon frå konsesjonsvilkåra for veke 1 til veke 20 i år 2011.***

***Tilsvarande har Miljøverndepartementet (seinare kalla MD) gjeve Statnett løyve, dagsett 17. desember 2010, til ei midlertidig endring av utsleppsløyvet for veke 1 til veke 20, år 2011. Etter dette tidspunktet fell løyvet bort utan nærare varsel.***

Søknaden frå Statnett er dagsett 06.12.2010. Dette gjeld i høve sjølve anleggskonsesjonen frå OED og utsleppsløyvet som er gjeve frå MD. Høringsfristen frå OED er sett til måndag 17. januar 2011.

**MD har ikkje sendt saka til høring til Fræna kommune.** Ein har imidlertid funne fram til saka på MD si heimeside. MD har sett høringsfristen til fredag 14. januar 2011. I denne samanheng vil ein sitere følgjande avsnitt frå løyvet ( som gjeld veke 1 til veke 20 i år 2011) gjeve frå MD, dagsett 17.12.2010:

*” MD har ikkje gjennomført en høring i denne saken. Dette begrunnes med unntaket i forurensingsforskriftens §36-7 andre ledd bokstav a, hvoretter høring kan unnlates dersom det av tungtveiende samfunnsmessige hensyn haster med å gi tillatelse. I tillegg inngår det i departementets vurdering at høring ble gjennomført i forbindelse med kongelig resolusjon av 26.mars 2010, der tilsvarende midlertidig tillatelse ble innvilget. Relevante høringsinstanser har således allerede hatt anledning til å gi sine bemerkninger til en slik tillatelse.”*

***Ettersom det allereie er gjeve dispensasjon frå både OED og MD for veke 1 til veke 20 i år 2011, gjeld høringa no for perioden frå og med år 2012 til idriftssettinga av linja frå Ørskog til Fardal.***

**Kva er det så som spesielt vedkjem Fræna kommune i denne samanheng?**

***Stavik-/ Kjørsvikområdet i Fræna kommune er mest utsett for NOx – nedfall frå anlegget på Nyhamna.***

Som framheva i tidlegare høringsfråsegner har Fræna kommune store land- og bustadområde som ligg rett over fjorden for Nyhamna, og desse områda vil ligge svært utsett til i høve potensielle utslepp både til sjø og luft frå dei ulike installasjonane på Nyhamna. Det er difor med stor undring at ikkje Fræna kommune har vore invitert som høyringspart i samband med etableringa og driftinga av reservekraftverket på Nyhamna. Kommunen har vore og er framleis svært oppteken av kraftsituasjonen i regionen.

Fræna kommune har på eige initiativ gjeve høyringsfråsegn til konsesjonssøknaden. Denne vart handsama i Plan – og økonomiutvalet i sak 0102/ 07 den 13.08.07



Kartillustrasjonen ovanfor viser reservekraftverkets bidrag til avsetning av nitrogen i områda rundt Nyhamna. Tala er oppgitt i  $\text{mg}/\text{m}^2$  i løpet av ein driftsperiode på 5 mnd.

Det vert hevda i konsesjonssøknaden at den totale avsetninga av nitrogen som følgje av dei planlagde utsleppa er små samanlikna med langtransporterte forureiningar.

Vidare går det fram av konsesjonssøknaden at bakgrunnsavsetninga av nitrogen pluss bidraget frå ilandføringsterminalen og reservekraftanlegget til saman ikkje vil overskride tålegrensene for overflatevatn og vegetasjon. Difor kan ein heller ikkje forvente vesentleg påverknad grunna desse utsleppa.

Ein nyttar mykje nemninga  $\text{NO}_x$  ( Nitrogenoxid) på desse forureiningane. Dette er ei samlenemning på ulike nitrogenbindingar  $\text{NO}$  ( nitrogenmonoksid) og  $\text{NO}_2$  nitrogendioksid.  $\text{NO}_x$  er ei nitrogenbinding som bidreg til forsuring og overgjødsling. I Noreg er kjeldene til utslepp av  $\text{NO}_x$  først og fremst forbrenning av fossilt brensel i industri, offshore oljeaktivitet og mobile kjelder til lands og til havs.

**Gule-/ Stavikmyrane naturreservat ligg svært utsett til for  $\text{NO}_x$  nedfall.**

Iflg. utgreiingane knytt til konsesjonssøknaden er ytre delar i vår kommune (Stavik/ Kjørsvikområdet) ref. kart over området - mest utsett i høve dei mest dominerande vindretningane i høve  $\text{NO}_x$  nedfall.

Vi er kjend med at Statnett no har prøvekyrd reservekraftverket på Nyhamna, men Fræna kommune har ikkje fått nokon informasjon frå verken Statnett eller SFT om tiltak som er sett i verk i høve målingar av nedfall i dei mest utsette områda.

*Gule- /Stavikmyrane naturreservat vart freda som naturreservat ved kgl.res. av 13. desember 1996. Reservatet dekker eit areal på ca. 8100 dekar, derav 500 dekar vatn. Formålet med fredinga er å ta vare på ein sentral del av eit av landets største myrlandskap. Lokaliteten har verdi som nasjonalt typeområde. Derfor er det svært viktig for Fræna kommune at ein fører kontroll med  $\text{NO}_x$  - utsleppa som vil belaste dette området.*

## **NO<sub>x</sub>-utslepp frå Nyhamna.**

*Det er funne grunnlag for å fastsette utsleppskrav for NO<sub>x</sub> i tråd med kva som må sjåast som BAT (Best available technology) for dette anlegget. Dette inneber krav om maks konsentrasjon av NO<sub>x</sub> i utsleppet på 25 ppm. og at målingar på Tjeldbergodden skal verifisera at denne grensa vert halde, skal sjåast på som tilfredsstillande dokumentasjon også for Nyhamna.*

***Statnett hadde krav på seg til innan 1. juli 2009 å ha utvikla ein prediktiv modell for berekning av NO<sub>x</sub>- utslepp basert på gjennomførte målingar og testar ved anlegget på Tjeldbergodden, og dokumentere at denne også kunne nyttast for anlegget på Nyhamna.***

*I mellomtida skulle NO<sub>x</sub>- utsleppa rapporterast ved hjelp av ein utsleppsfaktor for brenngassen som er utvikla på bakgrunn av gjennomført måleprogram ved reservekraftverket på Tjeldbergodden.*

*Frå leverandøren av reservekraftverket på Nyhamna er det gjeve garanti på maks 176 ppm NO<sub>x</sub> i røykgassen. Dette er relativt høgt samanlikna med de konsentrasjonar som har vore aktuelle i tidlegare planlagde permanente gasskraftverk. For å redusere NO<sub>x</sub>-konsentrasjonen i avgassen frå denne type turbinar, er det krav om tilføring av store volum demineralisert ferskvatn. Tilførsel av ferskvatn vil redusere forbrenningstemperaturen i gassturbinen, noko som igjen vil redusere danninga av NO<sub>x</sub>. Det trengs 56.000 liter demineralisert vatn pr. time for å redusere NO<sub>x</sub>-konsentrasjonen frå 176 ppm til eit nivå på 25 ppm, som tilsvarar krava frå EU's LCP-direktiv.*

*I det vidare vurderas utslepp og spreining av NO<sub>x</sub> basert på ein konsentrasjon på 25 ppm i avgassen. Denne konsentrasjonen er også lagt til grunn i konsesjonen til reservekraftverket på Nyhamna.*

*Ved ein konsentrasjon på 25 ppm NO<sub>x</sub> i røykgassen er utsleppet frå anlegget berekna til 84,6 kg/ time eller totalt 307 tonn for ein 5 månaders driftsperiode. I middel for ein 20 årsperiode gjev dette eit årleg NO<sub>x</sub> utslepp på 15,4 tonn.*

***I samband med testinga/ oppstarten av reservekraftanlegget på Nyhamna vart det gjeve løyve til drift og utslepp i samsvar med energi- og forureiningslova fram til 1.juli 2009.***

*Som tidlegare nemnt frå søknaden til Statnett, vart det lagt til grunn ein maksimal driftsperiode i de åra anlegget eventuelt ville bli teke i bruk på 5 månader. Statnett forventa at faktisk driftstid ville bli mindre enn de maksimale 5 månader det vart søkt om. Ved vurderinga av konsekvensane har Statnett lagt til grunn at anlegget vil kunne bli teke i bruk i eitt av 20 år, men de vurderer det som mest sannsynleg at anlegget ikkje vil bli sett i drift.*

***Tidlegare handsaming i Fræna kommune.***

*Plan - og økonomiutvalet i Fræna kommune handsama i januar 2009 som sak PS 6/ 2009 følgjande sak:*

***”Reservekraftverket på Nyhamna – Statnetts søknad om forlenging av utsleppsløyve fram til 1. juli 2014 – sak til høyringsuttale.” Ein legg ved denne saksutgreiinga som del av utgreiinga i denne saka.***

*SFT har i høve anleggskonsesjonen gjeve Statnett løyve til kvotepliktige utslepp av klimagassar fram til 1. juli 2014.*

*Med bakgrunn i ein anstrengt kraftsituasjon søkte Statnett den 01.03.2010 om dispensasjon frå konsesjonsvilkåra fram til 31.05.2010 for bruk av reservekraftverka på Nyhamna og Tjeldbergodden med frist for uttale innan 16.03.2010.*

***Denne gongen var høringsfristen så kort at uttalen måtte handsamast administrativt med orientering til politikarane i ettertid. Vedtaket frå handsaminga i Plan- og økonomiutvalet i januar 2009 i sak PS 6/ 2009 vart lagt til grunn:***

1. Fræna kommune oppfordre Miljøverndepartementet og SFT til ikkje å forlange utsleppsløyvet frå reservekraftverket på Nyhamna utover 1. juli 2009 før framheva tiltak under pkt. 2 er teke i vare
2. I og med at Fræna kommune er mest utsett for NOx nedfall er det forventa at Statnett
  - dokumenterer at nødvendige tekniske installasjonar for NOx reduksjon er på plass på reservekraftanlegget på Nyhamna
  - dokumenterer nedfalla i vår kommune frå prøvekyringa av anlegget
  - legg fram eit langsiktig prøvetakingsprogram for dei mest utsette områda i vår kommune
  - tek ansvar for ev. avbøtande tiltak

***Den 26.03.2010. vart det gjeve dispensasjon fram til 31.05.2010.***

***Med bakgrunn i ein føreståande ny anstrengt kraftsituasjon vinter/ vår 2011 søkte Statnett på ny om dispensasjon til å nytte reservekraftverka, no for fleire år – dvs. frå veke 1 til veke 20 kvart år fram til linja Ørskog – Fardal er sett i drift.***

***OED og MD vurderte situasjonen som kritisk og valde å handsame ei løysing for år 2011 som hastesak. Med kongelig resolusjon av 17. desember 2010 gav OED og MD Statnett dispensasjon frå konsesjonsvilkåra for veke 1 til veke 20 i år 2011.***

***Det er søknaden frå og med år 2012 ein no skal kome med fråsegn til.***

## **Vurdering.**

Kraftsituasjonen i Midt-Noreg er i ferd med å bli ein alvorleg trussel for midtnorske strømkundar, deriblant den kraftkrevjande industrien som har ei betydeleg verdiskaping i Midt-Noreg. Dette er ein situasjon vi no har opplevd kvart år sidan Ormen Lange anlegget på Nyhamna vart sett i drift. Det var i samband med at det kunne oppstå ei kraftkrise i Midt-Noreg at Statnett gjekk til innkjøp av dei to reservekraftverka på Tjeldbergodden og på Nyhamna.

Dei mobile reservekraftverka skulle ha ein maksimal produksjonskapasitet på 150 MW elektrisk kraft. I sine nyttevurderingar har Statnett anslått at det berre vil bli behov for drifting av anlegget i eitt av 20 år. I søknaden frå Statnett vert det lagt til grunn ein maksimal driftsperiode i eventuelle år reservekraftverket vert starta opp på 5 månader. Ved 5 månaders drift gjev Statnett opp at utsleppa vil være på 367 000 tonn CO<sub>2</sub> og 307 tonn NO<sub>x</sub>. Med den aktuelle gasskvaliteten på Nyhamna vil det ikkje vere utslipp av SO<sub>2</sub>.

**For Fræna kommune er det vesentleg at NO<sub>x</sub>-utsleppa frå reservekraftverket på Nyhamna og at kraftsituasjonen i Midt-Noreg kjem under kontroll.**

### **Måling av NO<sub>x</sub>- utslepp.**

Ein er kjent med at det no vert lagt ny vassleidning frå Tverlia i vår kommune til Jendem med vidareføring i sjøleidning til Jermansburet i Aukra kommune og vidare til Nyhamna og reservekraftverket. Ved drift av reservekraftverket vil ein då få ei sikker tilføring av ca. 15,5 l/ sek. demineralisert vatn for å få NO<sub>x</sub>-konsentrasjonen på utsleppa ned på 25ppm. Med denne leidninga på plass bør dette vere under kontroll.

I brev av 26. juni 2008 søkte Statnett om tilsvarende vilkår for Nyhamna som for Tjeldbergodden når det gjeld overvaking av NO<sub>x</sub>- utslepp. I SFTs løyve etter forureiningslova for reservekraftverket på Tjeldbergodden av 14. februar 2008, fekk Statnett frist til 1. juli 2009 med å utvikle ein prediktiv modell for berekning av NO<sub>x</sub> - utslepp frå kraftverket. I mellomtida skulle Statnett rapportere NO<sub>x</sub>-utsleppa på bakgrunn av ein fast faktor for NO<sub>x</sub>-utslepp som funksjon av brenngassmengda, basert på målingar i testperioden. Det ble dessutan stilt krav om utsleppsmålingar i testperioden for å verifisere at utsleppsgrensa på 25 ppm NO<sub>x</sub> i utsleppsgassen vart overhalde.

Statnett ba vidare om at den prediktive modellen og den førebelse utsleppsfaktoren som skulle utviklast for Tjeldbergodden også måtte kunne nyttast for Nyhamna, og at det heldt å gjennomføre målingar ved Tjeldbergodden for å verifisere utsleppsgrensa på 25 ppm NO<sub>x</sub>. Statnett grunn gav dette, med at Tjeldbergodden og Nyhamna har identiske gassturbinar og vassinjeksjonssystem, samtidig som forbrenningsgassen på Nyhamna hadde ein samansetning som innebar at utsleppa på Nyhamna vil vere noko lågare enn målte verdiar på Tjeldbergodden. Eit krav om at det skal gjennomførast utsleppsmålingar på Nyhamna under ferdigstillinga ville i følge nye vurderingar frå Statnett resultere i ein meirkostnad på ca 1 MNOK.

Det var ein føresetnad at Statnett kunne dokumentera at den prediktive modellen som vart utarbeidd for Tjeldbergodden også kunne nyttast for Nyhamna.

Denne gongen søkte Statnett om å få forlenga utsleppsløyvet fram til 1. juli 2014 – noko som vart imøtekome.

**No vert det søkt om forlenging av utsleppsløyvet frå veke 1 til veke 20 i år 2011 og fram til i driftssetting av linja Ørskog – Fardal. Pr. dd. veit ein ikkje når denne linja vert ferdigstilt.**

### **Kraftsituasjonen i Midt-Noreg – ei samfunnsmessig stor utfordring.**

For at den kraftkrevjande industrien skal kunne utviklast vidare i Midt-Noreg, treng ein sikker og forutsigbar tilgang på kraft. Norske myndigheiter vil utvikle meir fornybar energi som skal erstatte den fossilbaserte krafta. Tanken er god, men ein må innsjå at dette vil ta tid og at ein må nytte fossilt brensel til kraftproduksjon framleis i mange år. I global samanheng vert 80 % av krafta produsert på fossilt brensel. Staten har allereie no basert seg på at reservekraftverka på Tjeldbergodden og Nyhamna skal vere "forsikringa" for å unngå ei kraftkrise. Med den låge verknadsgraden på hhv. 29 % på kraftverket på Nyhamna og 36 % på Tjeldbergodden med akseptert NO<sub>x</sub> - utslepp på 25 ppm ser ein kor feilaktig denne investeringa var i forhold til å bygge eit permanent gasskraftverk med ein verknadsgrad på 60% og eit NO<sub>x</sub> – utslepp på 2 – 5 ppm.

Ein syner elles til kommunens høringsuttalar i sak PS 6/ 2009 – oversendt 19.01.2009 og administrasjonens uttale i brev av 10.03.2010.

### **Rådmannens tilråding:**

1. Miljøverndepartementet må snarast muleg leggje til rette for at det vert bygd eit permanent gasskraftverk i Midt-Noreg utan reinsing, ref. IKM's prosjekt som kan vere det mest realistiske på kort sikt, men at det vert lagt til rette for reinsing så snart teknologien er på plass.
2. Fræna kommune krev at det vert etablert eit langsiktig prøvetakingsprogram for NOx - nedfall i dei mest utsette områda i kommunen. Utstyret må koma på plass i aktuelle prøvetakingsområde snarast muleg og kommunen må fortløpande haldast orientert om resultatane av målingane.
3. Tiltakshavar må ta ansvar og kostnaden for gjennomføring av ev. avbøtande tiltak.
4. Fræna kommune må koma på lista over høringsinstansar for slike saker innan fylket.

### **Behandling i Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune - 03.01.2011**

Rådmannen sette fram i møte nytt forslag til punkt 1.

- Miljøverndepartementet må snarast muleg leggje til rette for at det vert bygd eit permanent gasskraftverk, i Fræna utan reinsing ref. IKM's prosjekt som kan vere det mest realistiske på kort sikt, men at det vert lagt til rette for reinsing så snart teknologien er på plass. Jfr K.sak 24/2007

Rådmannen si tilråding med nytt forslag punkt 1. vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Miljøverndepartementet må snarast muleg leggje til rette for at det vert bygd eit permanent gasskraftverk, i Fræna utan reinsing ref. IKM's prosjekt som kan vere det mest realistiske på kort sikt, men at det vert lagt til rette for reinsing så snart teknologien er på plass. Jfr K.sak 24/2007
2. Fræna kommune krev at det vert etablert eit langsiktig prøvetakingsprogram for NOx - nedfall i dei mest utsette områda i kommunen. Utstyret må koma på plass i aktuelle prøvetakingsområde snarast muleg og kommunen må fortløpande haldast orientert om resultatane av målingane.
3. Tiltakshavar må ta ansvar og kostnaden for gjennomføring av ev. avbøtande tiltak.
4. Fræna kommune må koma på lista over høringsinstansar for slike saker innan fylket.